



Lom kommune

2686 Lom

LØYVE FOR MELLOMLAGRING AV AVLØPSLAM I HAUGHOLET.

Det blir synt til Lom kommune si søknad om løyve til mellomlagring av avløpslam, jf. Mt-sak 77/98. Søknaden bygger på Lom kommune sin rapport dagsett 14. april 1998.

Med heimel i ureiningslova § 11, jf. 16 og 29 i same lov, gir fylkesmannen i Oppland Lom kommune løyve til å etablere og drive plass for mottak av avløpslam på nærare vilkår, jf. vedlegg.

Ramme for løyvet

Dette løyvet gjeld for avløpslam (jf. §§ 26 og 27 i ureiningslova). Det gjeld også dei delane av avfallstransporten som kan medføre fare for ureining (jf. § 29 i ureiningslova).

Løyvet gjeld langtidslagring av avløpslam på eit fastsett areal på ca. 6700 m² som tidlegare har vore brukt til avfallsfylling.

Ramme for løyvet er knytt opp mot kommunen sitt tidlegare vedtak om nedlegging av Haugholet avfallsplass som deponi.

Fylkesmannen har fastsett vilkår (*vilkårsett 2*) for avslutning av deponiet og som er tilpassa den framtidige bruken for dette løyve.

Arealet for langtidslagring kan tidlegast takast i bruk når dei fastsette vilkår for avslutning av Haugholet fyllplass er oppfylt.

Bakgrunn for saka

Når det gjeld bakgrunn for saka viser vi til tidlegare skriv vedkomande avslutning av Haugholet avfallsplass og den strategi for behandling av avløpslam som er lagt fram gjennom plan for avfallshandsaming i regionen framlagt av Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (NGR)

Grunngjeving

Lom kommune har i Mt-sak 77/98 gjort vedtak om å gjennomføre langtidslagring av avløpslam som ledd i å oppfylle dei krava som er fastsett i slamforskrifta for vidare bruk av slam. Metoden er i tråd med tidlegare tilråding frå fylkesmannen sin miljøvern avdeling.

Lokalisering av plass for langtidslagring er lagt til eit område som tidlegare har vore brukt til avfallsbehandling. Området er skjerma mot busetting, og der herskande vindretning er gunstig med tanke på luktproblem for nærmiljøet. Lang avstand til vassdrag gir liten fare for forureining.

Saka har vore framlagt for kommunelegen som i brev av 04.05.1999 har gjeve uttale i saka. Kommunelegen finn ingen helsefarlege eller hygieniske forhold som tilseier at slam ikkje kan lagrast i det aktuelle området.

Avsluttande reglar

1. Endring eller attendekalling av løyvet.

Med heimel i § 18 i ureiningslova kan fylkesmannen gjere om eller setje nye vilkår i løyvet.

Fylkesmannen kan om nødvendig kalle heile løyvet attende. Brot på føresetnadene for løyvet, eller brot på kommunen sitt eige vedtak om oppfølging av føresetnaden i søknaden kan føre til revurdering av løyvet.

2. Tilsyn og ansvar.

Fylkesmannen eller den han gir fullmakt, skal til kvar tid ha tilgang til alle delar av anlegget, journalar, rekneskap, interne vedtak, m.m. for tilsyn og kontroll, jf. §§ 48 - 50 i ureiningslova.

Drifts- og vedlikehaldsrutiner skal leggest opp slik at ein til kvar tid har oversyn over anlegget og prosessane sine funksjonar og effektar. Ajourført informasjon skal når som helst, og utan ugrunna opphald kunne oppgjevast til kontrollør.

Vedkomande som har fått løyve er ansvarleg for at plassen/anlegget vert halde vedlike og drive slik at det til kvar tid svarar til formålet og vilkåra i løyvet.

Dette løyvet frittek ikkje søkjaren for å hente inn løyve for andre sider av verksemda som t.d. arbeidsmiljø, helse- og landbrukslovgivinga.

Alle verksemdar som sysselset arbeidstakarar, er frå 01.01.92 pliktig til å ha eit internkontrollsystem som sikrar at lover og reglar innan helse, miljø og tryggleik vert følgd (jf. § 52 b i ureiningslova og "Internkontrollforskrifta", seinast endra 06.12.96).

Fylkesmannen vil spesielt streke under plikta til å etablere og drive eit system som vernar om det ytre miljøet.

Sjølv om løyvet er gjeve, pliktar den som ureinar å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og vanlege erstatningsreglar, jf. kap. 8 og § 10 i ureiningslova.

3. Ureiningsgebyr, straff.

Med heimel i § 73 i ureiningslova kan fylkesmannen fastsetje ureiningsgebyr til staten for å sikre at tiltak og vilkår vert gjennomførte i samsvar med løyvet.

Brot på dette løyvet, eller pålegg i tilknytning til løyvet, er straffbart etter ureiningslova, jf. kap 10, dersom tilhøva ikkje vert råka av strengare strafferammer.

4. Klagerett.

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over nye vilkår i avgjerda innan 3 veker etter at avgjerda er motteke. Eventuell klage bør grunngjevast og rettast til Statens forurensningstilsyn (SFT). Klagen skal sendast om fylkesmannen som kan ta klagen heilt eller delvis til følgje eller sende han til SFT til endeleg avgjerd.

Klageretten gjeld berre for moment som ein måtte vurdere å vere reelt nye i høve til tidlegare løyve. Den gjeld heller ikkje for ordlyd eller vilkår som er endra som følgje av endringar i ureiningslova eller forskrifter med heimel i ureiningslova.

Etter fullmakt

Per Svardal
Avdelingsdirektør

Magne Drageset
Seksjonsleder

Vedlegg: Vilkårssett for mellomlagring av avløpsslam
Vilkårssett for avslutning av Haugholet fyllplass

Kopi til : Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap, Dovre kommune, 2662 DOVRE
SFT, Postboks 8100 Dep, 0342 OSLO

MELLOMLAGRING AV AVLØPSLAM				
Bedrift :	Lom kommune			
Løyve gjeve av:	Fylkesmannen i Oppland			Juni - 99
Anlegg:	HAUGHOLET AVFALLSPASS			
Stad :	Haugholet	Sone:	UTM-nord:	325990
		32V	UTM-øst:	328628
Søknad:	<u>Mellomlagring av slam.</u>			29.05.1998
Lom kommune: Sak: Mt-77/98.	Søknad om løyve for langtidslagring (mellomlagring) av slam i medhald av forureiningsliva § 11 og slamforskriftene § 6.			

Mellomlagring avlaupsslam	Frist dato:
Slamplan	01.01.2000
Frist for gjennomføring	01.01.2000
Årsrapportering, kvart år	01.03

1. HEIMELSGRUNNLAG

Løyve er basert på følgjande lover, forskrifter og rettleiingar:

- Ureiningslova. (Lov av 13. mars 1981 nr. 6 vern mot ureining og om avfall) med endring av 21. juni 1996.
- Forskrift om avløpslam, gitt av Sosial- og helsedepartementet og Miljødepartementet 02.01.95 med endringar 27.09.96
- Internkontroll. Forskrift fastsett ved kgl. res. 22. mars 1991 med endring av 6. desember 1996

2. VILKÅR

2.1 Område

Stabilisering, hygienisering og mellomlagring av slam og dei tilsetningsmateriale som er nemnd i desse vilkåra, kan berre utførast innanfor fastsett areal i det tidlegare område for Haugholet avfallsplass. Jf. vilkårssett nr 2 for avslutningsplan for Haugholet.

Mellomlagringsplassen bør ha dekke som gjev gode transporttilhøve. Området skal gjerdast inn med låsbare portar.

2.1.1 Mellomlagringsplassen skal avskjermast mot tilsig av overvatn med avskjerande grøfter.

2.1.2 Anlegget kan dimensjonert for kapasitet på inntil 5 års lagring av slam. Dette kan leggast til rette etter kvart som det blir trong for det.

Lagring ut over 5 år krev løyve til deponering

2.2 Avløpslam.

Kontoradresse:
Statens Hus
2600 Lillehammer

Postadresse:
Storgata 170
2600 Lillehammer

Elektronisk post:
Internett: postmottak@ fm-op.sri.telemax.no
X400: S=postmottak;O=fm-op; P=sri;A=telemax;C=no

Telefon: 61 26 60 00
Telefaks: 61 26 61 67
1

Som hovedregel skal alt slam avvatnast til min. 18% tørrstoffinnhald (TS) før levering på plassen. Det er ikkje tillate å tømme råslam (ikkje-avvatna) på plassen.

Dersom slammet inneheld mindre enn 30 % TS, skal slammet blandast med anna, reint organisk materiale (karbon-kjelde) innan 1 veke etter mottak og leggast på seng av kverna kvist, flis e.l. eller på seng av ferdig kompostert slam.

2.3 Kvalitetsskilje

Slam med ulike produktkvalitetar skal som hovedregel handsamast kvar for seg. På plassen skal det til ei kvar tid vere tydelege skilje mellom ulike kvalitetar og årsproduksjonar.

Samkompostering/langtidslagring av slam er tillate dersom bruksområde for produktet vert betra, eller kvaliteten ikkje vert forringa

2.4 Bruk av slammet.

Ferdighandsama slam (langtidslagra) skal nyttast vidare. Kommunen fører tilsyn med at bruk av slam tilfredsstiller krava i slamforskrifta. I tillegg gjeld krav frå landbrukstilsynet for gjødsel og jordforbetningsmidlar basert på organisk avfall.

3. OMFANG AV LØYVET

Det blir gjeve løyve til langtidslagring av 8000 m³ avløpslam på eit areal tilsvarande 7000 m².

Omfanget av løyve er basert på slammengder oppgjeve i søknad:

Tabell. Slammengde i Lom kommune 1997. (utdrag av søknad)

Type	Mengde	Måleining
Fossbergom renseanlegg	1700	m ³
Andre renseanlegg	600	m ³
Slamavskiljarar	1645	m ³
Sum	3945	m ³
Type	Mengde	Måleining
Østlandsmeieriet A/L	3591	m ³
Totalt	7536	m ³
Avvatna slam	838	m ³
TS (tørrstoff)	114,8	tonn
TS (tørrstoff)	14,3	%
Bruk av polymer	257,4	kg

Arealbehov (utdrag av søknad)

838 m ³ /år * 2 m ² / m ³	1672 m ² /år
4 års lagring * 1676 m ²	6704 m ²

4. KONTROLL OG MILJØOVERVAKING

4.1 Krav til prøvetaking og analysar

Tungmetallanalysar av avløpslam skal takast frå fraksjonane før innblanding av anna materiale. Analyseresultatet vil vere avgjerande for disponering.

Analysane kan berre utførast på laboratorium som er akkreditert for slike analysar av Norsk Akkreditering eller tilsvarande, og som kan dokumentere etter NS-EN 45001 eller tilsvarande standard.

Det blir her synt til krav frå fylkesmannen om analysering av avløpslam frå avløpsreinseanlegg i kommunen.

4.2 Overvaking av resipient.

Sjå pkt. 1.1.2 under vilkårssett for nedlegging av Haugholet avfallsplass.

4.3 Journalføring

Det skal førast journal over drifta. Journalen skal minst innehalde oppgåver over mottekne og leverte mengder, driftsrutinar, utvikling av prosessen, tilstand ved plassen og spesielle uforutsette vanskar.

Alle blandingstilhøve, målingar og analyseresultat skal tidfestast og systematisert, slik at ein til kvar tid kan kontrollere prosessen og forandre denne dersom det viser seg at resultatet ikkje er tilfredsstillande. Ajourført informasjon skal når som helst, og utan ugrunna opphald oppgjevast til kontrollør.

4.4 Rapportering

Det skal utarbeidast skriftleg årsrapport om drifta som syner:

- motteke og leverte mengder
- oppfølging av planar
- analyseresultat på næringssalter og tungmetall
- disponeringsoversikt, andre tilhøve, spesielle vanskar m.v.
- kven har motteke slam og fått løyve etter § 5 i slamforskrifta

Rapporten skal vere levert fylkesmannen **innan 01. mars.**

AVSLUTNING AV AVFALLSDEPONI				
Bedrift :	Lom kommune			
Løyve:	Fylkesmannen i Oppland			24.11.1983
Anlegg:	HAUGHOLET AVFALLSPASS			
Stad :	Haugholet	Sone:	UTM-nord:	325990
		32V	UTM-øst:	328628
Pålegg	Forbod mot deponering av våtorganisk avfall etter 01.01.99. Jf. fylkesmannen sitt brev av:			22.05.1997
Vedtak: Sak Mt-76/98.	<u>Avslutningsplan.</u> Lom kommunen sitt vedtak om nedlegging. Melding etter § 20 forureiningslova.			29.05.1998
Vedtak: Sak Mt-77/98.	<u>Langtidslagring av slam.</u> Søknad om løyve for langtidslagring av slam i medhald av forureiningslova § 11 og slamforskriftene § 6.			29.05.1998

Tiltak	Avslutning og etterkontroll av deponi	Frist dato:
T1:	Legging av min. 20 cm toppsjikt, av tette lausmassar, over dei deponerte avfallsmassane, innan eit år.	01.01.2000
T2:	Legging av 10 - 30 cm vekstsjikt. T.eks. egne gravmassar, torv eller stabilisert og hygienisert slam.	
T3:	Nedsetjing av peilebrunnar for prøvetaking av grunnvatn. Jf. vedlegg 1 i kommunen sin avslutningsplan.	01.01.2000
T4:	Overvaking av grunnvatn. Prøvetaking og analysering, jf. SFT sine retningslinjer.	Årsrapport
T5:	Årsrapportering, kvart år	01.03.

1.0 Vilkår

1.1.0 Omfang av anlegget

Det skal til kvar tid vere godkjent reguleringsplan, ajourførte kart over avsluttande deponiområde.

Det skal til kvar tid liggje føre ajourførte teikningar over alle tekniske installasjonar. Det vil si bygningar, kummar, drengrofter og leidningar, bekkelukkingar, utsleppsarrangement, botntettingsmetoder/system, overdekkingsystem, toppetting og liknande med materialval og driftsmetoder under ulike tidsrom.

1.1.2 Grunnvassregistrering

Kontoradresse:
Statens Hus
2600 Lillehammer

Postadresse:
Storgata 170
2600 Lillehammer

Elektronisk post:
Internett: postmottak@ fm-op.sri.telemax.no
X400: S=postmottak;O=fm-op; P=sri;A=telemax;C=no

Telefon: 61 26 60 00
Telefaks: 61 26 61 67
1

Det blir bedt om at kopi av grunnvassregistrering, analyseresultat av vassprøver og framlegg til vidare overvakingssystem blir sendt fylkesmannen når dei fyrste registreringane og analyseresultatene ligg føre.

Registreringane skal gå inn i årsrapport, jf. vilkår V5.

Dei parameterane som er vist i SFT's sine retningslinjer i 94:03 bør leggast til grunn ved oppstart av analyseprogrammet.

1.1.3 Tiltak mot utslepp av metangass frå deponi.

Grunnlagsdata viser at deponiet er tilført ca. 10 000 tonn avfall. Ein vesentleg del av dette er organisk materialer og ved anaerob råtneprosess i avfallsfyllingar blir det produsert energirike gassar, i alt vesentleg metan.

Med grunnlag i at arealet for slambehandling blir tilført tette massar kan utslepp av metangass frå avfallsfyllinga bli konsentrert til andre delar av deponiet.

Det må vurderast om det må treffast ekstra tiltak for å ta hand om metangassutsleppet i desse områda.

Nye metodar for å redusere metangassutslepp frå avfallsfyllingar er under utvikling. Metoda kallast "Biologisk metanoksydasjon, med tilrettelagde toppdekker", og er i dag under utprøving på ein del fyllingar og resultatane ser ut til å vere positive.

I Lom kommune sin avslutningsplan er det under tiltak T1 og T2 lagt til rette for gjennomføring for oksydasjon av metangass i toppdekke.

Fylkesmannen vil koma attende til tiltaket dersom nye krav blir gjort gjeldande.

1.1.4 Grunnlagsdata avfallsplass

(Tabell 4.1. Slamplan Lom kommune)

Ulike data for Haugholet avfallsplass	tonn	m³	da	mm
Totalt areal			16	
Dimensjonerende nedbørsfelt for utrekning av avrenning			12	
Årsnedbør				300
Utrekning nedbør årleg nedbørsfelt		3600		
Fyllingsareal			8	
Fyllingsmengde dekkmasser pr. år (1987 - 1997)	1500	500		
Fyllingsmengde avfall pr. år (1987 - 1997)	963			
Total fyllingsmengde avfall (1987 - 1997)	9630	30000		
Toatal fyllingsmengde avfall og dekkmasser (1987 - 1997)	24630	80000		